



Protokoll

Årsmøte Skjåk Idrettslag

Tid og stad: Torsdag 27.mars 2025, Skjåk turistheim

Tilstede:

Gregor Ingar Gjerdet, Kathrine Brandsar, Kjell Erik Galde, Merete Dagsgard, Stine Leirimo, Elin Stasviken Sperstad, Kirsti Morken, Liv Hege Rønningen, Ragnhild Helsa Breie, Stian Bøhle, Ola Aaboen, Lars Brennhaug, Hans Sæther, Sissel Frisvold, Lisbeth Risheim, Marit Haugen, Tor Taraldsrud, Nina Kvalheim Kveum

Saksliste:

1. Godkjenne dei stemmeberettiga medlemmane – *Elin har på førehand sjekka at alle som er tilstade på årsmøte er medlemmar.*

2. Velge dirigent – *Elin*

3. Velge protokollfører – *Kathrine*

4. Velge to medlemmar til å underskrive protokollen – *Lisbeth og Marit*

5: Godkjenne forretningsorden – *Godkjent.*

6: Godkjenne innkallinga - *Godkjent.*

7: Godkjenne saklista – *Godkjent.*

8: Behandle idrettslaget sin årsberetning og gruppeårsmeldingar – *Godkjent.*

Var fyrst litt munnleg info frå hovudstyret og dei ulike gruppene før godkjenning;

Fotball: Marit Haugen og Ola Lækken er nyvalte. (nestleiar og kasserar). Tine fotballskule var vellykka. Fotballgruppa blir med på idrettsveka i veke 26. (info frå Sissel)

Barnetrimmen: Prøver å få til litt temakvelder. Populært tilbud for dei minste. (info frå Stine)

Kjerringfotball: Nedlagt pga utfordring med rekruttering og gamle/nye skader. (info frå Elin)

Padling: Ingenting som skjedde i fjor, men fekk handla inn litt nytt utstyr. Planer om å starte opp det som var tidlegare (mikropadling), samt få i gang noko for ungdom/vaksne. (info frå Stian)

Dametrimmen: Oppe og går. Flytta attende til 2.etg.på Skjåkhallen. Litt problem med rekruttering av medlemmar. Har ein del eldre utstyr dei skulle fått bytta ut.(info frå Liv Hege)

Kampsport/bryting: Karate fungerer utruleg bra. Gradering x1/halvår. Trening kvar veke. Kampsport har trening tre kvelder/veke med ulike tema. Ynskje om å starte brytegruppe frå 2.-4.klasse. (info frå Stian)

Svømming: handlingsplan; køyre full kursrekke og få til instruktørkurs til hausten. (info frå Ragnhild)

Ski: Vorte arrangert 4 løp og avlyst 3 så langt denne sesongen. Har litt små-prosjekter med å rydde løyper framover, og ordne telt der trakkemaskin står. (info frå Lars)

Turn: 100 turnere ilt siste åra frå Skjåk, Lom, Vågå og Dombås. Har ikkje hatt nokon juleavslutning som tidlegare, pga renovering av hall. Har delteke på Granspretten i januar. Planlagt turnstemne i Vestre Slidre i juni. Turngruppa er 40 år i år(!!) Har tenkt å markere dette. (info frå Kirsti)

Friidrett: Trening x1/veke heile året. Mykje variasjon på trening. Planer om å fortsette same løp som fjoråret. Har invitert til ei treningssamling med andre klubber. Skal vere med å arrangere Flækøyhøe upp. (info frå Tor)

Handball: Store «happening» i fjor var kamp mellom Skjåklaget og Lykkelaget. Hatt totalt 5 lag sidan i haust. 2 lag i seriespel (damelag og j13). (info frå Lisbeth)

9: Behandle:

9.1 Idrettslaget sitt rekneskap - Godkjent. Hans informerte kort om resultatregnskap. Det er blant anna gjort tiltak med plassering/ending av konto som har høgare rente. Avvik på budsjett med ca.20 000, som betyr god kontroll.

Informasjon **ift. Note 5** (Bankinnskot, kontantar o.l. på s.38). Sak ift. trakkemaskin med Skjåk Turløyper. (750 000kr er bundne til å kjøpe ny trakkemaskin). Ei sak ein skal jobbe med framover. Slik avtala er utforma er det ikkje sjølv sagt at det er Skjåk II som skal disponere desse pengane.

9.2 Behandle kontrollutvalet sin beretning – Godkjent.

10: Behandle forslag og saker – gå inn i bryteforbundet. Godkjent.

11: Fastsette medlemskontingent og treningsavgift, eller gje fullmakt til å fastsette treningsavgifter – forslag om å endre to av kontingentane (vaksen og familie)- alle samde om å endre. Nye kontingentar frå 2026: kr. 320,- for vaksen og kr. 550,- for familie. Alle andre kontingentar er uendra.

Vedrørende treningsavgift. Gruppene fastsett evnt. treningsavgift sjølv, styret kan koblast inn om det blir mykje negative reaksjonar. Godkjent.

Kommentar til endring: Legge ved medlem i «Andre idrettslag», ikkje definere kommune/lag som til dømes Lom/Garmo.

12: Vedta idrettslaget sitt budsjett for 2025 – Ingen kommentar til budsjett. Godkjent.

Hans informerte om driftsinntekt og driftskostnader. Styret har diskutert årsresultat. Det at ein går med underskot eit år er ikkje farleg, så lenge ein er bevisst på det. Underskot syner mykje aktivitet 😊 Elin informerer i tillegg om at det blir felles møte i april der ein skal diskutere budsjett. (Sjå korleis ein kan gjere om underskott til overskott).

13: Behandle idrettslaget sin organisasjonsplan -Elin har prata med kretsen for å sikre at organisasjonskartet er i orden. Godkjent.

14: Foreta fylgjande valg: Ola informerer om at det har vore møte 3.mars med Frida Hjeltar, Brit Helene Skoglund, Ola Aaboen og Gudrun Teigen.

14.1 Hovedstyre – Godkjent.

14.2 Kontrollutvalg – Godkjent.

14.3 Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett eller gje styret fullmakt til å oppnevne representantane – Godkjent.

14.4 Valgkomité – Brit Helene og Ola fortsett. Gudrun og Frida går ut, Anna Gubhage og Tom Andre Melby nye- Godkjent.

14.5 Øvrige valg i henhold til idrettslaget sin organisasjonsplan – Godkjent.

Det har vorte ein feil i valkomitèen si innstilling: Jon Roger Risheim skal ikkje vera med vidare i skistyret. Skistyret får godkjenning på å finne ein ny til å ta plassen.

Avslutning for årsmøte: Elin og Gregor Ingar takkar for god innsats og godt arbeid frå friviljuge og dagleg leiar 😊



- Lisbeth Risheim -



- Marit Haugen -

